

Fin julefest for 70 i bedehuset

27.12.2009



Eit fint julespel innleia julefesten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei sikraste juletradisjonane i Uskedalen er julefesten i bedehuset og då han vart halden i kveld var det svært bra frammøte.

70 små og store var benka rundt eit ualminneleg flott og høgreist juletre som Tormod Myklebust hadde funne då kveldens programleiar Svanhild Haugland helsa velkommen.

Ikkje minst var innslaget av julegjester i bygda gledeleg stort.



Nelly Kjærland hadde noko spennande i esken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit vakkert julespel bygt rundt julas evangelium som var laga i eit samarbeid mellom sundagskulen og småbarnstreffet og som Nelly Kjærland hadde hoveddæra for opna programmet.

Kristine Hestad sørga for fine fløytetetonar under innmarsjen og Tone Reinertsen Hellesøy sat ved pianoet. Ho spela og til dei kjende og kjære julesongane.



Kristine Hestad fortalte på ein levande måte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tone song seinare saman med Camilla Myklebust og Kristine Hestad fortalte på ein svært levande måte korleis det gjekk i tida etterat Jesus var født. I denne dramatiske forteljinga var dei aller yngste også med i høgste grad!



Camilla Myklebust og Tone Reinertsen Hellesøy song- (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei skikkeleg matøkt vart avvikla før gongen rundt juletree og festen vart ei fin og triveleg oppleving både både for unge og gamle. Ein slik fest krev mykje førebuing og er det noko kretsen rundt bedehuset kan, er det planleggjing.

Av Ola Matti Mathisen